

Mykje nedbør og stor snøsmelting.

24.05.2020



Børdsalselva gjekk stor i dag.

Snøsmelting med store elvar i Englafjell og Ulvanoso tok til for alvor i denne veka. I natt var det i tillegg mykje nedbør. I neste veke er det rekna temperaturar kring 15 varmegrader. I Pinsehelga kan temperaturen koma opp i over 20 pluss grader.

Vervarslinga har varsla stor snøsmelting med flaum mange stader i heile landet. I Uskedalen er det som oftast mykje regn som fører til at elvane går inn på bakkane, i mindre grad snøsmelting. Men med snø i fjellet, som ligg i mai/juni, kan det bli annleis i år.

Trygve Haugland fortel til Uskedalen.no at det faktisk ikkje er meir snø i fjellet i år enn før om åra. Det, som er særmerkt i år, er at snøen kom seint og ligg lenge. Mindre ras i heimra Raunedokki like ved Klyperindo kan koma i år også. Ei snøfonn i Limomnen i Englafjell skulle etter det gamle vera smelta bort innan 15. august. I fjar (2019) var fonna borte før 1. august.

Trygve kan ikkje minnast at snøsmeltinga har vore det store problemet i Uskedalen. Då er det verre med store nedbørsmengder over fleire dagar på hausten.

Sist Uskedalen.no skreiv om snøras var i mars 2018 då det gjekk ras både i Friheim og på Døsslandsheio.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal